

## Årsmelding Barneidrett 2018.

Barneidretten tar pause medan skikarusellen held på og vinteren 2018 var fantastisk! Flotte skiforhold gjorde at skikarusellen kunne holde på i lang tid. Då skikarusellen slutta tok vi opp att inneaktivitet i hallen på måndagar. Bente S Aamot og Tone Smeland sto for aktiviteten, sidan underteikna var «ute av drift.» Barna har vore i alderen 5-10 år fordelt på ulike grupper. Det er om lag 40 barn med denne vinteren og hausten. Barneidretten tok ei pause då fotballen starta opp.

I oktober var det ny oppstart for barneidretten. Denne hausten har vi hatt eit samarbeid mellom foreldre og aktivitetsleiarar frå Kviteseid skule. Foreldre har hatt ansvar for å hjelpe akt.leiarane med ulike oppgåver, medan akt.leiarane har hatt ansvar for innhaldet i aktiviteten. Det har gått fint å få foreldre til å ta vakter og akt.leiarane har gjort ein kjempebra jobb ifh aktiviteten. Aktivitetsleiarane får betalt for jobben dei gjer. Vi håpar at dette samarbeide skal fortsette.

Aktivitetsleiarar: Hedda Jønholt, Marianne Kåsene, Maren Tveiten, Andrea Engeland Mota og Åshild Eikland.



**For barneidrettgruppa:**

**Anne Marie Midtsund Stykket**